

Håkenstadøyen i Vågåmo



gnr. 26

Av Knut Raastad, august 2023



Vågåmo sett frå nedre Sundhågå. Håkenstadøyen er mellom Finna og prestgardsjordet. Foto frå Anne Marie Bolstad.

Øyen – Håkenstadøyen søre

I 1865 var enkja Brit Olsdotter f.ca.1805 husmann utan jord under Håkenstad, Øyen vart da nemnd som Håkenstad søre. Ei kartskisse frå ca. 1860 viser at Rolv Øyen var rokkesvarvar. Rolf Knutsen Ulsletten vart 1836 gift med Brit Pedersdotter Svelstad. Brit og Rolv hadde 3 barn og båe jentene var skreddarar:

Ragnhild f.ca.1842

Kari f.ca.1844

Ole f.ca.1846 d.1923

I 1900 og 1910 var Ole Rolfsen Øien f.1846 skreddarmester. Den ugifte systera Kari Rolfsdotter Øien f.1843 var syerske, ho hadde med Anders Christensen Rustbakken sonen:

Paal Andersen f.1874, neste eigar

Øien gnr. 26 bnr. 7 vart frådelt frå Håkenstad i 1925 med skjøte til Paal Øien for kr 400. Også Pål var skreddar.

I 1944 var det hjemmelsovergang frå Paal Øien til fondet for Vågå gamleheim, og i 1946 var det skjøte frå Vågå gamleheim til Johan Bakke for kr 6500. Johan Bakke 1912-1998 var son til Iver Mosebakken på Åstad f.1894 og Rønnog Jonsdtr. Kjeldløkken. Johan var gift med Ella Sørlien 1907-1985 dotter til Olaus Kristiansen Sørlien 1863-1943 og Mari Olsdtr. Håmår 1865-1934. Nå er dette hjå sonen Rolf Bakke, Finnkanten 6.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen: notat om folketeljinga 1900

Frå Aagotøyen. I bakgrunnen er truleg hjå Pål Øyen. Foto frå Gunnar Sandbo.



Finøien – Håkenstadøyen mellomste

I 1865 var enkjemannen Christen Olsen f.ca.1823 fargar og husmann med jord under Håkenstad. Dette vart da nemnd som Håkenstad mellomste. Kristen fargar var frå Tollefstugu på Selsverket og kona frå Fåberg eller Lillehammer. Hja dei hadde allmueskulen lokale dei tre fyrste åra 1860-63. Kristen emigrerte til USA i 1870. Kristen hadde 3 barn:

Ole f.ca.1849

Oline f.ca.1856

Anne f.ca.1858

Finøien gnr. 26 bnr. 8 vart frådelt frå Håkenstad i 1925 med skjøte til Iver Olsen for kr 400. Fargaren Iver Olsen 1845-1934 var frå Skjåk, nemnd her i 1875, 1900 og 1910. I 1875 står det at han var eigar av vadmelsstampe og presse, i 1910 vart han nemnd som fargarmester. Iver var son til Ole Andersen 1816-1872 frå Lom og Kari Sylfestsdotter 1817-1900 frå Skjåk, familien budde i 1865 i Svarehuden der dei var gardbrukarar og sjølveigarar.

Saman med Iver budde i 1875 også mor hans og to av syskjena sersjant Sylfest Olsen Schau f.1852 og Live Olsdotter f.1858. I 1934 vart det framlagt testamente frå Iver Olsen til Knut Schau som var son til Sylfest Skau.

I 1936 var det skjøte frå Johan Schau til Reidar J Skjedsvold for kr 2500. Dette er nå Finkanten 8.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

John Knudsen Sundt: Kartskisse frå 1860 med kommentarar

Håkenstadøyen – Øyen

Ole Jørgensen Lunde f.1817 var i 1865 husmann utan jord på Håkenstadøyen. I og med at dei to andre vart nemnd som søre og mellomste, blir vel dette den nørdre Håkenstadøyen. I 1875 var Ole husmann i Råstadløkken. Ole var son til Jørgen Paulsen Håkenstadeie. Ole vart 1843 gift med Anne Christensdotter 1818-1902 dotter til Christen Løften. Ole og Anne hadde 8 barn:

Ole f.1845, g.m. Marit Iversdtr. f.1856

Anne 1848-1848

Anne f.1849, til Bolsø

Jørgen 1852, til Amerika 1878

Anne 1855-1855

Johan f.1856, til Amerika 1878

Ragnild f.1859

Kari f.1861

I 1900 var det enkja Sigrid Øyen f.1850 som budde på Øyen. Sigrid Olsdotter Holen, Dovre var dotter til ugifte Marit Jakobsdtr. som budde i Grindstuen ved Holen ved Toftelien, faren var Ola Jonsen Jonsrud. Sigrid kom tidleg til Håkenstad saman med systera Toline. Sigrid vart 1871 gift med John Knutsen Hølmo 1849-1896 son til Aaste Johnsdotter. John var husmann og skomaker, og vart nemnd på Øyen i 1891. Øyen vart nemnd ved folketeljinga i 1875 og ved barnefødsel i 1878. John og Sigrid hadde 10 barn:

John f.1871

Marit f.1873

Anne f.1875

Simen f.1878

Kari f.1880

Mari f.1882

Johanne f.1884

Mina J Øien f.1886

Petter Øien f.1891-1967, neste brukar

John J Øien f.1897

Dottersonen Oscar H Øien f.1897 budde saman med dei i 1900.

I 1910 var Sigrid budeie på Øy og sonen Petter tenestegut på Lunde.

I 1922 var det festekontrakt frå Håkenstad til Petter Øien og hustru på eit jordstykke 20 da. I 1942 vart Øien gnr. 26 bnr. 13 frådelt frå Håkenstad med skjøte til Petter Øien for kr 1200. Petter Øien var gift med Mari Johannesdtr. Synslien.

I 1967 var det skjøte frå Mari Øien til sonen Arne Øien.

Frå gnr. 26 bnr. 13, Finnkanten 10 er i nyare tid frådelt gnr. 26 bnr. 54 **Finnkanten 10 B**.

Elvheim gnr. 26 bnr. 26 Finnkanten 12 vart frådelt frå Øyen i 1955 med skjøte i 1957 til Ragnar og Jorunn Skjerpingsstad for kr 300.

Finndal gnr. 26 bnr. 28 Finndokkvegen 13 vart frådelt frå Øyen i 1956 med skjøte i 1957 til Marit og Inge Hermansen for kr 300.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Kaas og Arnfinn Engen, 2004: Bygdabok for Dovre 2

Finnsand

Ole Amundsen 1839-1913 fødd i Kristiansund vart 1861 gift med **Bolette** Ingebretsdotter Blessumeie Sætaflaten 1835-1920 dotter til Ingebret Olsen Trælviken Fellese 1798-1864 og Marie Elisabeth Larsdtr. Øysejet f.ca.1792 d.1873. I 1865 var familien på lille Øfsteng/Nystuen som gardbrukar og sjølveigar, i 1875 budde dei på Skårvang-jelet. I 1877 var dei på Øyen. Ole og Bolette budde på Øyen i 1900 og 1910, i 1910 nemnd som stugu på Håkenstad grunn. I påteikning på stadnamnkart står det at denne stugu stod like vest for huset som Ola Resvold bygde på Finnsand. Ole og Bolette hadee 6 barn:

Kari f.1858

Ole f.1862

Anne f.1864

Kari f.1868, gift i Saksumsdalen

Mari f.1871, g.m. Ola Skultbakken/Svelstad

Amund f.1877

I 1900 budde også sonen Amund O Øjen f.1877 på Øyen. Amund vart 1900 gift med Marit Thorsdotter Dalen (Sælatungdalen) 1876-1942, dei kom ca.1904 til Dalen ved Kvarberg. Amund og Marit hadde 7 barn, dei to eldste var:

Ole A Øjen 1900-1990, g.m. Mari Stadeløkken 1905-1990

Mari f.1901, g.m. Sylfest Sandviken

Eli Stadsvigen, Lom 1829-1920 som var ugift budde i 1900 og 1910 på Øyen der ho også budde da ho døyde i 1920. Ho levde av oppsparte middel. I 1875 var ho stugujente på Håkenstad. Eli Paulsdotter Stasviken var dotter til Paul Tjøstelsen f.1799 i Vågå og Anna Johnsdtr. f.1799 i Lom. Stadnamnkart har påteikning om at ho budde i stugu etter Bolette, men det måtte ha vore ei eige stugu i og med at ho budde på Øyen samtidig med Bolette og familien.

Finsand gnr. 26 bnr. 6 vart frådelt frå Håkenstad i 1925 med skjøte til Ola H Resvold for kr 1000.

I 1928 var det skjøte frå O H Resvold til Einar Sørli 1898-1979 for kr 7750. Einar Sørli var frå søre Sørlien son til Toline Kristiansdtr. Sørlien 1865-1908. Einar var gift med Kristine Hogness f.1898 dotter til Ole Håkonsen Hogness, Trondheim f.1870 og Marit Eriksdtr. Hanslien, Vågå f.1876. Einar og Kristine hadde barna:

Marit f.1929

Arne

Olav

Thorlaug

Sandheim gnr. 26 bnr. 41 Finndokkvegen 3 vart frådelt frå Finsand i 1970 med skjøte i 1974 til Leif Øygaard. Han var gift med Marit Sørli.

Finndokkvegen 9, gnr. 26 bnr. 44 vart frådelt frå Finsand i 1981 med skjøte til Thorlaug Orlander.

Finndokkvegen 11, gnr. 26 bnr. 45 vart frådelt frå Finsand i 1981 med skjøte i 1982 til Arne Sørli.

Finndokkvegen 6, gnr. 26 bnr. 48 vart frådelt frå Finsand i 1987 til Oddny Sørli. Olav Sørli fekk i 1960 tomtefeste 66 bnr. 1 f.nr. 50 frå prestgardsgrunn som er ein del av denne tomta.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen: notat om folketeljinga 1900

Finnheim – Øyen

Iver Olsen Skjellum 1862-1918 fødd i Sør-Fron var i 1900 busett på Øyen under Håkenstad, og i 1910 var han jordbruksarbeidar busett i stugu på Håkenstads grunn. Stadnamnkart har påteikning om at denne stugu stod på Finnheim som vart bruket til Ole Resvold. Iver budde på Øyen da han døyde i 1918. Iver var son til Ole Iver Rusten og Tore Knutsdr. Iver vart 1884 gift med Toline Hansdotter Holen frå Dovre f.1861 frå Grindstugu ved Holen ved Toftelien, dotter til ugifte Marit Jakobsdr. og Hans Guttormsen Hestdalen. Toline kom tidleg til Håkenstad saman med systema Sigrid som vart buande på ein annan plass på Håkenstadøyen. Fram til 1896 budde Iver og Toline hjå foreldra hans på Skjellum under Sandbu, og frå 1898 på Øyen under Håkenstad. Iver og Toline hadde 11 barn:

Ole 1887-1892

Helene f.1889

Kari f.1891

Mari f.1893, g.1911 m. Iver Olsen Ingeborgøien, Sel f.1888

Iver f.1895, Iver Øyen g.1916 med Mari Kveen f.1885

Simen f.1898, g.m. Ragnhild Resvold f.1894

Ingeborg f.1900, budde på Plassen i Skårvangen

Oline f.1903

Johanne f.1905

Tea f.1907

Trygve 1912-1941, g.m. Guri Hageløkken 1894-1984

I 1910 budde Marit I Skjellum f.1884 i ei eige stugu på Håkenstad grunn, ho var da dagarbeiderske.

Mari S Steinom f.1854 budde i 1910 i stugu på Håkenstad grunn, ho var gift bakste- og vaskekone. I 1920 budde Mari på Øyen saman med dottera Guri f.1884 og sonen hennar Jan Ottosen Steinom f.1908. Denne stugu stod på Finnheim/Øyen.

Kari Hansdotter Resvold f.1827 som var ugift levde i 1900 og 1910 i stugu på Håkenstad grunn. Ho levde av oppspara formue. Kari var dotter til Hans Hansen og Ragnhild Hansdr. Resvold, i 1865 budde ho hjå foreldra på Resvold. Det er ikkje kjend kvar på Håkenstadøyen dette var, men ho var gammeltanta til Ola og Ole Resvold slik at ein av dei kan ha overteke stugu på Finnsand eller Finnheim.

Finheim gnr. 26 bnr. 9 vart frådelt frå Håkenstad i 1926 med skjøte til Ole H Resvold 1892-1967 for kr 600. Ole var gift med Mari Oldotter Storsteinrusten 1891-1978.

I 1941 var det skjøte frå Ole H Resvold til svogeren Sigurd J Grevrusten 1906-1971 for kr 3900. Sigurd var gift med Gunhild Resvold 1904-1989.

I 1944 var det skjøte frå Sigurd J Grevrusten og hustru til Anton H Nettet d.1971 for kr 3600.

I 1972 overtok testamentsarving Heidi Holen f.1965.

Bjørn Åbakken kjøpte eigedommen på 1980-talet.

Nå er eigar Grethe Skogum. Gnr. 26 bnr. 9 har adresse Finnkanten 14.

Foreldra Åse og Svein Skogum har fått frådelt og bygd på vestre del av tomta, Finnkanten 16 gnr. 26 bnr. 57.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

1881.no

Olav Kvarberg

Gunnar Ottosen: notat om folketeljing 1900

Gunnar Kaas og Arnfinn Engen, 2004: Bygdabok for Dovre 2

Bjørn Husehaugen: om stugu til Mari Steinom